

Var vi på same møte, Bakken?

Ole Frank Bakken kjem med ei rekkje påstandar om både politiske prosessar og folkevalde i Hareid. Vi ynskjer å kommentere noko av dette. Først og fremst er det sett i verk mange og store tiltak i kommunen – og desse ser ut til å verke.

Å påstå at Folkelista «sit stille i båten», «skuldar på andre» og «ikkje likar folk i Ulsteinvik» – samstundes som vi står på talarstolen og talar varmt for samarbeid – fell på si eiga urimelegheit.

Også Folkelista lyt naturlegvis ta ansvaret for det akkumulerte underskotet i kommunen. No har Folkelista reint fleirtal i kommunestyret, og då har vi også eit ekstra ansvar for å få skuta på rett kjøl att. Men vi melder pass når Bakken hevdar at resultatet vi har med balanse i drifta – som no er oppnådd – ikkje har noko med politikken å gjere. Folkelista har ansvar når det går dårleg, men ikkje når det går betre? Den logikken overlet vi til lesaren å skjøne.

Det er greitt å vere usamd i politikken. Dette handlar ikkje om kjensler, men om retning. For vår del meiner vi at kommunesamanslåing ikkje er vegen vidare for Hareid. Kvifor? Fordi innsparingane ikkje kjem utan at tenester vert lagde ned. Då må ein tenkje konsekvensar. Kva ansvar har ein teke den dagen Hareid endar i mindretal – slik andre bygder har gjort? Sjå berre på situasjonen når det gjeld vertskommunesamarbeid. Med Ulstein er stillinga 3 (Hareid)–11 (Ulstein). Samla med “Runde kommune” er det 3 (Hareid)–35 (resten). Dette er sentralisering.

Dei folkevalde var på felles formannskapsmøte i Herøy der dette vart presentert. Kvifor lyttar ein ikkje til den sentrale ekspertten Vinsand som var der. Han sa at kommunesamanslåing ofte gir svekt lokaldemokrati og sentraliserte tenester vekk frå innbyggjarane?

Forslaget hans til løysing var nettopp det faglege samarbeidsprosjektet vi no er med i. Det var det kommunestyret vedtok. Vi må vidareutvikle eit godt, fagleg nettverk av tenester på tvers av kommunar. Lesarane kjenner nok uttrykket frå den maritime klynga “vi samarbeider når vi kan, og konkurrerer når vi må.”

Fundamentet til Folkelista er å føre ein politikk som ikkje set bygdelag og innbyggjarar opp mot kvarandre. Det meiner vi kommunen er tent med, også på sikt. Difor står vi for det uavhengig av om det er gode eller tøffe tider.

Kristian Fuglseth

Gruppeleiar i Folkelista for Hareid kommune